


Garveindustrien var livsnerva på Valestrand



VALESTRAND (Bn): I gamle dagar var det stortiltt garveindustri på Valestrand. På det meste var det 12 garveri i bygda, og over 70 menneske hadde sitt levebrød i garverinæringa. Utover i 1960- og 70-åra ebba denne aktiviteten ut. Ola Borge var den siste som drev garveri på Valestrand. Denne drifta vart lagt ned for få år sidan. Alle spor blei sletta då Fossen A/S bygde industribygg på ruinane til det gamle dampgarveriet.

Olav O. Reigstad falskar skinn på ein fabelkrakk. Dette er ein kjend arbeids-situasjon for alle gamle garvarar. (Foto: Eivind Simonsen).



Det er framleis mange spor etter garverindustrien på Valestrand. Oppe i lia ser vi herskapsuset til garvar Edvard Rundhovde. Huset blei bygd tidleg på 1900-talet. Nede ved sjøen ser vi bygningane til garvarane Erik Rundhovde, Edvard Rundhovde og Harald Reigstad. (Foto: Eivind Simonsen).

Olav O. Reigstad er ein ihuga talsmann for den tupte garverinæringa, han vaks opp med eimen frå garva skinn i nasebora. Det var aldri tvil om kva Olav skulle bli då han blei konfirmert. Han har børe lange tradisjonar vidare. Fem generasjonar Reigstad har livberga seg gjennom det tradisjonsrike handverket.

Gründar

— Tippeldefar min, Lars Røslund, kom frå garden Røslund på Hosanger i 1833 og gifta seg med Herborg Reigstad. Han var gründaren som skapte dei første industriarbeidsplassane i bygda, seier Olav O. Reigstad.

Reigstad kjenner ikkje til at det har vore så stor konsentrasjon av garveriverksender andre stadar i landet. Bortanfor Fossen A/S er det laga garverimuseum i dei gamle lokala til garvaren Karl O. Reigstad. Her har det vore museum sidan 1980, men det er heller litt stussleg i det gamle bygget.

— Vi manglar straum. Dette gjer det vanskeleg å driva omvisning i museet om hausten og

vinterstid. Det håpar vi å få gjort noko med. Museet er levande lokalhistorie og fortidsminne det er verd å ta vare på, seier styra- ren ved Osterøy museum, Anna Østerbo Kåstad til Bn.

Skinn frå India

Det var vanleg at ein garva dei skinna ein trong til heimebruk på gardane i gamle dagar. Slik var det også på Osterøy, men kvifor det blei oppblomstring av garveindustri på Valestrand er meir usikkert.

— Noko av forklaringa ligg nok i at denne industrien må ha tilgjenge til mykje vatn, og det er det rikeleg av på Valestrand. Det var god plass nede ved sjøen, samstundes som Valestrand ligg sentralt til. Dette var viktig for å spara transportkostnader, meiner Olav O. Reigstad.

Mange av skinna kom heilt frå India. Det var skinn som kom frå små oksar. «Kips» blei dei kalla. Dei blei tørka og salta nett slik som klippfisker blir, og mykje av den same behandlinga skulle til før ein kunne garva skinna. Først måtte dei bløyttast i fjøra,



Brurne Lars O. Reigstad og Ole L. Reigstad var typiske representantar for garverindustrien på Valestrand.



Olav O. Reigstad og museumsstivar Anna Østerbo Kåstad i fjøra der det har vore vaska og bløytt skinn i generasjonar. (Foto: Eivind Simonsen).



Denne bygningen er i dag garverimuseum. Olav Reigstad er fast omvisar. (Foto: Eivind Simonsen)

Til venstre: Trygve Reigstad (92) og Olav O. Reigstad (83) har jobba som garvarar sidan dei blei konfirmerte. Begge er levande lokalhistorie frå den store garverindustrien på Valestrand. (Foto: Eivind Simonsen).

etterpå var det klart for vasking.

— Arbeidet i garveria på Valestrand var ikkje noko liv for latsabbar. Vi måtte jobba på spreng for å få arbeidet unna, samstundes måtte vi jobba for å halda varmen vinterstid. Det var ikkje snakk om omnar eller annan luksus i dette faget. Skinna som blei garva hos garvarane på Valestrand, blei frakta til store delar av landet. Som regel var det skofabrikkar som var kundane. Lokalt var det Mjælde Skofabrikk på Valestrand som var den største avtakaren, seier Reigstad.

Onkelen, Trygve Reigstad, fortel at mange av skinna hamma iios «komakarar i Romsdal». — Det var ein føresetnad at skinna ikkje trekte til seg vatn, at dei var tette. Grunnen til dette er at ein av dei største marknadane for skomakarane i Romsdal var fiskarar nordpå. Dersom ikkje skinna var vasstette, fekk dei ikkje selja ein eneste sko. Difor blei det stillt store krav til kvaliteten på handverket vårt, seier 92-åringen.

Gilanstida for dei mange garvarane på Valestrand var på 30-

talet. Då var heile 12 verksemdar i sving. På det meste var 60-70 menn sysselsatte i industrien. Er det noko som var mannfolkarbeid, så var det det å vera garvar. Det var ingen maskiner som gjorde arbeidet, alt måtte gjerast med handemakt. Difor var det ingen kvinner som jobba i denne handverksindustrien. Kvinnene hadde meir enn nok med å halda styr på hushaldingar med store barneflokkar og anna viktig omsorgsarbeid.

Dei aller fleste garveria var familieverksemdar. Som regel var det fire-fem personar som jobba i kvar. Den største var Nils T. Reigstad, som på det meste hadde 14-15 i arbeid. Dei andre som drev garveri var: Endre T. Reigstad, Lars O. Reigstad, Karl O. Reigstad, Harald Reigstad, Erik Rundhovde, Jarle Rundhovde, Edvard Rundhovde, Markus Halland, Ragnvald Vevele og Ivar Brakvatne.

Eivind Simonsen



Staslege garvarar hos Nils T. Reigstad. Framme frå venstre: Steffen Rundhovde, Johannes Haugland, Lars Skår, Martin Boge, Kornelius Hordvik, Ivar Hvitsten og Mons B. Reigstad. Andre rekkje frå venstre: Nils Helgesen, Nils T. Reigstad, Johannes T. Reigstad, Ole G. Skår, Lars Sjurset, Olai Rundhovde og Andreas Reigstad. (Utlån: Osterøy museum).